

## 1 Personlege opplysningar

Namn, adresse og postnummer/-stad

Fødselsdato







Personnummer







Kundennummer i Lånecassen








## 2 Kva søker du om? (Set berre eitt kryss.)

- Berre betalingsutsetting**  
(fyll ut punkt 3 og 5)
- Berre sletting av renter**  
(fyll ut punkt 4 og 5)
- Betalingsutsetting og sletting av renter**  
(fyll ut punkt 3, 4 og 5)

### Sivilstand og inntekt

Vi hentar informasjon om barn og sivilstand frå Folkeregisteret. Dersom du har ektefelle, sambuar eller barn som ikkje er registrert i Folkeregisteret, må du legge ved dokumentasjon som viser det.

Lånecassen hentar inntektsopplysningar i Noreg direkte frå Skatteetaten. Vi bruker i nokre tilfelle inntektsopplysningar frå a-ordninga. Alle som betalar ut lønn, pensjon og andre ytingar i Noreg, må registrere utbetalingane her.

## 3 Betalingsutsetting

Du kan søke om utsetting i inntil 36 månader utan å oppgi ei årsak. Har du brukt opp desse utsettingane, kan du likevel få fleire utsettingar dersom du har rett til å få sletta renter for den same perioden som du søker om utsetting for, eller for tidlegare periodar med utsettingar.

Kva månad/månader søker du om utsetting for? Du kan søke om utsetting for inntil seks månader fram i tid.

<input type="checkbox"/> jan	<input type="checkbox"/> feb	<input type="checkbox"/> mar	<input type="checkbox"/> apr
<input type="checkbox"/> mai	<input type="checkbox"/> jun	<input type="checkbox"/> jul	<input type="checkbox"/> aug
<input type="checkbox"/> sep	<input type="checkbox"/> okt	<input type="checkbox"/> nov	<input type="checkbox"/> des

## 4 Sletting av renter

Du kan søke om sletting av renter for ein periode dersom du har hatt låg inntekt og samtidig vore i ein situasjon som gir rett til sletting av renter. Kryss av i lista over årsaker i høgre kolonne.

Oppgi perioden bakover i tid som du søker om å få sletta renter for.

	Dag	Månad	År
Frå	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>
Til	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>

Kryss av dersom du i heile eller delar av søknadsperioden budde i utlandet eller hadde inntekt frå utlandet. Legg ved inntektsopplysningar frå utlandet. Sjå side 2.

## Kryss av for årsaka/årsaker til at du søker om å få sletta renter

- Arbeidsløyse**  
Lånecassen hentar informasjon om arbeidsløyse frå Nav. Unntak: Kvalifiseringsstønad i Noreg og registrert arbeidsløyse i utlandet må du dokumentere sjølv.
- Arbeidsavklaringspengar**  
Lånecassen hentar informasjon om arbeidsavklaringspengar frå Nav. Arbeidsavklaringspengar, eller tilsvarende yting i utlandet, må du dokumentere sjølv.
- Sjukdom**  
Legg ved kopi av sjukmelding eller legeattest for søknadsperioden.
- Fødsel eller adopsjon**  
Legg ved kopi av fødselsattest dersom barnet ikkje er registrert i Folkeregisteret. Legg ved stadfesting på adopsjonsdato.
- Omsorg for pleietrengande i den nærmaste familie**  
Legg ved dokumentasjon frå lege, Nav, helsestyresmaktene eller faginstans som viser minst 50 % omsorgsarbeid for person som er ufør, har nedsett funksjonsevne eller er eldre med stort pleiebehov.
- Låg inntekt ved fulltidsarbeid**  
Legg ved dokumentasjon som viser at du har vore i fulltidsarbeid i minst tolv månader samanhengande, og samla brutto månadsinntekt i søknadsperioden. Sjå side 2.
- Økonomisk sosialhjelp**  
Legg ved dokumentasjon frå Nav som viser at økonomisk sosialhjelp har vore den einaste inntekta di i søknadsperioden. Dersom du har vore registrert arbeidsledig i den same perioden som du har fått økonomisk sosialhjelp, bør du søke om sletting av renter på grunn av arbeidsløyse i staden. Då slepp du å sende inn dokumentasjon.
- Deltidsutdanning**  
Vi hentar informasjon frå lærestader i Noreg og frå Skatteetaten.
- Fulltidsutdanning**  
Legg ved kopi av vitnemål/karakterutskrift dersom utdanninga er teken i utlandet. Lærlingar må legge ved kopi av lærekontrakt og fagbrev. Søk når du er ferdig med heile utdanningsprogrammet.
- Fulltids tillitsverv/studentstipend frå Forskningsrådet/  
EU-programmet Erasmus+**  
Legg ved stadfesting frå elev- eller studentorganisasjon/ Forskningsrådet/EU-programmet Erasmus+. Perioden må framgå.
- Førstegongsteneste eller utdanning i Forsvaret**  
Legg ved dimisjonsattest eller sluttattest som viser den perioden du har vore i førstegongsteneste i Noreg eller eit EØS-land, eller vore elev ved ein militær skole.
- Soning i fengsel eller sikkerhetsanstalt**  
Legg ved stadfesting frå soningsinstitusjonen som viser soningsperiode på minst tolv månader og dokumentasjon på samla brutto inntekt/trygd/stønad per månad i heile søknadsperioden.

## 5 Underskrifta di

Eg stadfester at eg har lese vilkåra på side 2.

Dato og underskrift

## Kva er betalingsutsetting?

Betalingsutsetting betyr at du slepp å betale rekninga no. Nedbetalingstida blir lengre, og gjelda di blir større, fordi du då betaler meir renter samla. Kostnaden blir redusert dersom du får sletta renter (sjå nedanfor).

[Les meir om sletting av renter og betalingsutsetting på www.lanekassen.no/betaling-nn.](http://www.lanekassen.no/betaling-nn)

### Slik søker du om betalingsutsetting

Du kan søke om betalingsutsetting utan å dokumentere kvifor du ikkje kan betale. Du kan søke om utsetting i inntil 36 månader for kvart låneforhold. Eit låneforhold varer til lånet er nedbetalt. Har du brukt opp det maksimale talet på betalingsutsettingar, kan du likevel få fleire utsettingar dersom du har rett til å få sletta renter for same periode som du søker om utsetting for, eller for tidlegare periodar med utsetting. Då må du søke om både sletting av renter og om betalingsutsetting samtidig. Lånekassen hentar då informasjon om inntekt frå a-ordninga for å vurdere om det er sannsynleg at du har rett til sletting av renter. Sjå § 7-1 og 7-2 i [forskrifta om tilbakebetaling på www.lanekassen.no/forskrifter](#).

### Har du avtalegiro eller e-faktura?

Du må sjølv gå inn i nettbanken og stoppe betalinga av eventuelle rekningar du allereie har fått av oss, og som du søker om utsetting for. Dersom du ikkje stoppar betalinga, blir pengane trekte frå kontoen din, sjølv om du får utsetting. Pass på at du ikkje slettar heile avtalen.

## Kva betyr sletting av renter?

Det betyr at vi kan slette renter på lånet ditt for ein periode du har hatt låg inntekt og vore i ein situasjon som gir rett til å få sletta renter. Dette påverkar ikkje beløpet på rekningane.

### Slik søker du om sletting av renter

Du kan berre søke om å få sletta renter på grunn av dei årsakene som er lista opp på side 1, og du kan berre søke for ein periode bakover i tid.

For alle årsaker, unntatt fulltidsutdanning, er det årsinntekta di som avgjer om du får sletta renter. Vi hentar inntektsopplysningar direkte frå Skatteetaten. Dersom du bur i utlandet, må du sjølv dokumentere formue og inntekt. Søker du om sletting av renter på grunn av omsorg, fødsel, adopsjon, låg inntekt ved fulltidsarbeid eller soning, vil vi også vurdere retten din til sletting av renter mot samla familieinntekt for deg og ein eventuell ektefelle, eller sambuar som du har felles barn med.

Endeleg vedtak om sletting av renter vil du først få når vi får inntektsopplysningar frå Skatteetaten. [Inntektsgrensene finn du på www.lanekassen.no/sletting-av-renter-nn.](#)

### Dette må du legge ved søknaden

Du må legge ved dokumentasjon som stadfester årsaka til søknaden, for heile perioden. Du treng ikkje sende inn dokumentasjon på arbeidsavklaringspengar og arbeidsløysa frå Nav. Det hentar vi inn sjølv.

### Busett i utlandet

Dersom du er busett i utlandet, må du sende inn inntektsopplysningar frå skattemyndigheitene i det landet du skattar til. Søker du om sletting av renter på grunn av omsorg, låg inntekt ved fulltidsarbeid, soning, fødsel eller adopsjon, må du også dokumentere formues- og inntektsskatt for ektefelle / sambuar med felles barn.

### Utdanning i utlandet

Dersom du søker om sletting av renter på grunn av utdanning i utlandet, må du også legge ved stadfesting som viser at du har opphalde deg på studiestaden og følgd undervisninga, for eksempel opptaksbevis og husleige kontrakt. Dersom du har fått utdanningsstøtte frå ei offentleg støtteordning i eit anna land (for eksempel SU i Danmark eller CSN i Sverige), må du legge ved dokumentasjon som viser perioden du har fått slik støtte.

### Låg inntekt ved fulltidsarbeid

Dersom du søker om sletting av renter på grunn av låg inntekt ved fulltidsarbeid, må du også legge ved dokumentasjon som viser inntekta di per måned. Lånekassen vil i tillegg sjekke årsinntekta di. Legg ved stadfesting frå arbeidsgivar som viser perioden du har hatt fulltidsarbeid.

Er du sjølvstendig næringsdrivande, må du sende inn stadfesting på registrert føretak i Brønnøysundregisteret og kopi av skatteoppgjeret for det aktuelle tidsrommet. I tillegg må du sende inn kopi av avtalar/timelister/lønnslistar eller liknande, for å dokumentere at du har vore reelt fulltidsarbeidande med foretaket ditt i perioden. Er du kunstnar, kan du stadfeste utøving av yrket ved å dokumentere medlemskap i ein yrkesorganisasjon for kunstnarar, i tillegg til å dokumentere at du har vore i fulltidsarbeid.

## Frist for å søke om sletting av renter

Det er ein søknadsfrist på tre år. Det vil seie at du kan få sletta renter tilbake til 1. januar 2019, dersom du søker i løpet av 2022. Er det særlege årsaker til at du ikkje har vore i stand til å søke innan fristen, kan du unntaksvis søke for eldre periodar. Du må i så fall legge ved dokumentasjon som stadfester årsaka til at du ikkje kunne søke innan fristen.

Dersom du søker om sletting av renter på grunn av utdanning, må du søke seinast tre år etter at utdanninga etter normert tid skulle vore ferdig. Du kan ikkje få sletta renter på grunn av utdanning, dersom du har fått støtte frå ei offentleg støtteordning i eit anna land.

## Vilkåra du skriv under på i punkt 5

- Eg stadfester at opplysningane eg har gitt, er riktige og så fullstendige som råd. Sjå § 1-3 i [forskrifta om tilbakebetaling på www.lanekassen.no/forskrifter](#).
- Eg er kjend med at eg bryt opplysningsplikta dersom eg gir urette eller ufullstendige opplysningar til Lånekassen eller til andre partar som Lånekassen hentar opplysningar frå til bruk i saksbehandlinga. Andre partar er for eksempel Nav, Skatteetaten og Folkeregisteret.
- Oppstår det endringar etter at søknaden er sendt inn, er eg forpliktet til straks å gi Lånekassen melding om det.
- Eg er kjend med at Lånekassen kan kontrollere dei opplysningane eg har gitt, med andre offentlege institusjonar, kontor og register, jf. § 23 i [utdanningsstøttelova på www.lovdata.no](#), forskrifta om tilbakebetaling og [forskrifta om Lånekassen sin heimel til innhenting av opplysningar på www.lanekassen.no/forskrifter](#).
- Eg er klar over at urette eller ufullstendige opplysningar kan føre til at eg misser retten til sletting av renter, betalingslette og sletting av gjeld, og det kan føre til at lånet blir kravt tilbakebetalt. Eg kan også misse andre rettar etter utdanningsstøttelova med forskrifter. Sjå kapittel 15 i forskrifta om tilbakebetaling.

## Behandling av personopplysningar

Lånekassen behandlar personopplysningar i samsvar med regelverket for personvern. [Les personvernerklæringa vår på www.lanekassen.no/personvern-nn.](#)